



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Stranda kommune
Norrdal kommune

| | | | | |
|-------------|--------------|----------------|---------------------------|------------|
| Dykkar ref: | Dykkar dato: | Vår ref: | Vår saksbehandlar: | Vår dato: |
| | | 45799/2018/033 | Helge Aarset, 71 28 03 31 | 09.04.2018 |

Kulturvernforvaltar i verdsarvområdet - finansiering av stillinga- finansiering av stillinga

Vi viser til møtet på fylkeshuset 22.mars 2017 om vedlikehald og skjøtsel av bygningar og kulturlandskap i Storfjorden/verdsarvområdet. Dette brevet til kommunane gjeld ein førespurnad om tilskot til finansiering i 2019 av ei stilling som kulturvernforvaltar i verdsarvområdet.

Bakgrunn

Behovet for ein kulturvernforvaltar vart tydeleg uttrykt i møtet i fjor vår, og både innhaldet i ei eventuell forvaltarstilling, kompetanse, fagleg nettverk, lokalisering og arbeidsgivaransvar vart drøfta. Det var semje om å arbeide for å opprette ei slik stilling. Fylkeskommunen fekk ei rolle som prosjektleiar i dette.

Det var vilje i møtet både frå fylkeskommunen, fylkesmannen, kommunane og Storfjordens Venner til å vere med å finansiere stillinga som ei tre-årig prøveordning. Kommunane (ved ordførarane) vart tidleg i april i år orientert uformelt om at fylkeskommunen no ville sende dykk eit brev med oppmoding om tilskot. Målet var å kunne etablere stillinga i haust. Vi legg ved referatet frå møtet 22.03.17 til orientering.

Kulturvernforvaltaren sine oppgåver

- Tilsyn med tilstanden til kulturminna og kulturmiljøa
- Initiering av tiltak der det manglar initiativ frå eigarsida
- Planlegge istandsetting – beskrive tiltak som grunnlag for bestilling
- Få fram søknader om tilskot
- Utføre mindre istandsetjingsoppgåver

Lokalisering og arbeidsgivaransvar

Stillinga bør lokaliserast til Norsk fjordsenter. Kulturvernforvaltaren vil trenge eit handverksfagleg nettverk. Behovet for å formalisere eit slikt nettverk utanom senteret vil vere avhengig av kva for person som blir tilsett i stillinga.

Det er Stiftinga Geirangerfjord verdsarv som har ansvar for heile verdsarvområdet. Stiftinga er både budde på og villige til å ta arbeidsgivarrolla. Fylkeskommunen si vurdering er at det synest riktig å legge arbeidsgivaransvaret til stiftinga.

Framdrift og finansiering

Endra føresetnader gjer at den føresette spleiselagsmodellen for ein prøveperiode likevel ikkje er aktuell. Nye rammer for fylkesmannen sin bruk av landbruksmidlane inneber at

fylkesmannen likevel ikkje kan bidra. Det heftar også usikkerheit kring skisserte tilskot frå kulturminnefondet og Uni-stiftinga.

Vi har drøfta den nye situasjonen med Stiftinga Geirangerfjord verdsarv og har i lag med dei kome fram til eit nytt forslag til finansiering og framdrift. Vi ser at det må arbeidast for å sikre statleg finansiering av stillinga så raskt som mogleg. Verdsarvstiftinga tar no initiativ overfor Riksantikvaren og klima- og miljødepartementet for å auke tilskota til fjordlandskapet. Men det er ikkje realistisk å kunne nytte verdsarvmidlane som ei hovudfinansiering av stillinga før i 2020.

Vi tar likevel sikte på at stillinga kan startast opp på nyåret i 2019. Førebuing, stillingsutlysing og tilsetting må i så fall skje i løpet av hausten, og vi må i tide ha på plass finansiering for 2019, i tillegg til tilstrekkeleg sikkerheit for vidare statleg finansiering frå og med 2020.

Eit årsverk blir stipulert til 900 000 kroner til løn, sosiale utgifter og noko reise-kost-utgifter i stillinga. Vi foreslår at stillinga blir finansiert slik i tre år definert som ein prøveperiode med mål om vidare drift etter perioden basert på statlege tilskot:

| | 2019 | 2020 | 2021 |
|---------------------------------------|-------------|-------------|-------------|
| Verdsarvmidlar – statleg finansiering | 150 000 | 900 000 | 900 000 |
| Fylkeskommunale midlar | 190 000 | | |
| Stranda kommune | 270 000 | | |
| Norrdal kommune | 190 000 | | |
| Storfjordens Venner | 100 000 | | |

Konkret førespurnad til kommunane

Vi er klar over at dei nemnde kommunale bidraga nok er større enn forventa for eit enkelt år. Men målet er altså at behovet blir avgrensa til det eine året. Vi håpar såleis at kommunane framleis kan vere med å finansiere oppstarten av kulturvernforvaltarstillinga.

Vi ber kommunane ta stilling til den skisserte modellen for oppstart og at de gi oss eit svar innan **1 juli 2018** om de kan bidra med desse tilskota:

- Stranda kommune: inntil **270 000** kroner
- Norrdal kommune: inntil **190 000** kroner

Med helsing

Heidi-Iren Wedlog Olsen
fylkeskultursjef

Helge Aarset
overarkitekt

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

Kopi:

Storfjordens Venner

Helge Aarset

Fylkesmannen i Møre og Romsdal Fylkeshuset 6404 MOLDE

Stiftinga Geirangerfjorden Nrosk fjordsenter 6216 GEIRANGER

verdsarv

Vedlegg: Referat frå møte 22.mars 2017